



Tønsberg, 15. desember 2017

Hol kommune,  
Bygdearkivet,  
Ålmannvegen 8,  
3576 Hol.

**Prosjekt "Digitalisering av Olav Sletto-arkivet".  
Rapport III – arkivboksane/mappene 18.6,18.7 og 8, mappene 21.4,  
22.2 og 22.4 - i alt meir enn 630 brev er no ferdig digitalisert.**

Vi viser til samarbeidsavtala mellom Hol kommune og Olav Sletto-selskapet om digitalisering av Olav Sletto-arkivet. Avtala inneber at selskapet gjer det praktiske arbeidet med digitaliseringa. Hol kommune/Bygdearkivet syter for profesjonell og trygg langtidslagring.

Det er med glede vi oversender resultatet av arbeidet andre halvår 2017. Arkivboks 18, mappene 6, 7 og 8 – vel 100 brev frå Alf Larsen til Olav Sletto – er no ferdig digitalisert. Det vil si at det er gjort avskrift av desse dokumenta. Dei og originalane er skanna og lagra på minnepinne (raud, mrk. Allkopi) som ligg ved dette brevet. Breva er lagt i separate mapper, etter adressat. Det er Eva-Cecilie Skaarberg som har transkribert desse breva.

På dei kvite minnepinnane som ligg i omslag merka Transcend er mappene 21.4 og 22.2 bolk IV og V av brevvekslinga mellom Olav og Karin Sletto i 1912-1913 (brev 64-105 KS til OS og 96-143 OS til KS) og heile 1914 lagra (brev 106-156 KS til OS og brev 144-212 OS til KS), både avskrifter og skanna originalar. Dette er frå tida dei budde i København, på Roligheden/Sandefjord (Karin), Skjærø og i Vesleheimen, Vollen i Asker. I alt 368 brev før 1915. Transkriberinga har Eva Almhjell stått for.

Den kvite og gule minnepinnen (merka Kingston) inneholder brev fra Olav Sletto til Lars Reinton. Dei er arkivert i mappe 22.4, i to under-saker: brev fra Olav Sletto til Lars Reinton, og brev fra Lars Reinton til Olav Sletto. (Det er nokre få av dei i mappa, tydelegvis kopiar av eigne brev som LR har spart på. Eit av dei fanst også hjå mottakaren OS i boks 19, og er arkivert der. Denne delen av traanskriberingane inneholder 168 brev. Margarethe L'orange har transkribert desse.

Arkivboks 18, mappene 2, 3 og 4, som no er under arbeid, inneholder brev fra avsendarar som også alt er arkivert i boks 19. Vi vil merke desse breva med krysshenvisingar og kjem attende til dette når boks 18 er fullført.

I tillegg til å halde fram med brevvekslinga mellom Olav og Karin Sletto (1915-1963), og arbeidet med mappene under boks 18, mappene 2,3 og 4, blir det arbeidd med boksane 16 og 17 - Olav som skulemann.

Grunnlaget for vårt arbeid er, som tidlegare nemt, eit velordna papirarkiv. Vi følgjer stort sett same logikken i lagringa som er brukt her i vårt arbeid. Ein stor tidlegare innsats frå Kåre Olav Solhjell og Arne Skogheim kjem oss til gode no. Papirkvaliteten på nokre av dokumenta er litt sprø, så det synest vera på høg tid å digitalisere stoffet og slik gje det tilgjengeleg for vidare gransking og anna publisering.

Stoffet skal, slik avtala med Hol kommune er, lagrast profesjonelt i Hol bygdearkiv. Det er viktig at dette blir gjort raskt og kontinuerleg, for minnepinnar er ikkje egna for langtidslagring.

**Vi minner om at arbeidet med digitaliseringa av Olav Sletto-arkivet skal dokumenterast. Vi ber derfor om skriftleg attendemelding og retur av minnepinnane når dei er forsvarleg lagra, og etterlyser samstundes ei formell stadfesting av Hol kommunes handsaming av det stoffet som alt er digitaliserte, jfr. Olav Sletto-selskapets rapport I og II av hv. 20. januar og 15. juni 2017. Vi har enno ikke motteke nokon skriftleg attendemelding!**

Styret i Olav Sletto-selskapet vurderer korleis ein på optimalt vis kan publisere stoffet på eigne heimesider – [www.olavslotto-selskapet.no](http://www.olavslotto-selskapet.no) Dette er plasskrevjande dokument, og vi har berre ein blogg. Kan hende trengst ei anna form og meir plass. Vi treng også profesjonell hjelpe til den delen av arbeidet, som handlar om forskingsformidling. Nasjonalbiblioteket er ein naturleg instans å vende seg til her.

Vi røyner også at digitaliseringa har ei kostnadsside (fargekapslar, papir o.a.), og takkar for kr. 12 000 i støtte til arbeidet frå Hol kommune hausten 2017. Truleg kjem vi også i 2018 attende til sluttfinansiering av digitaliseringsprosjektet. Som nemnt er desse utgiftene å forstå som prosjektutgifter, ikkje drift.

Mykje er no gjort, men det er framleis mykje att! Vi er fire personar som er i sving, og reknar med at dette vil vera hovudoppgava for Olav Sletto-selskapet også i 2018.

Igjen: Takk til Hol kommune som hjelper oss med fleksible og praktiske løysingar, og for økonomisk støtta til digitaliseringsarbeidet i 2017.

Besthels

Eva Almhjell  
for styret i  
Olav Sletto-selskapet